

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 232	17/14

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/2017	Formannskapet	PS	31.01.2017

Høgsterett sak om eiedomsskatt på nettanlegg - økonomisk stønad til saka

Forslag til vedtak:

Modalen kommune støttar ankesak om eiedomsskatt på nettanlegg med kr 20.000, finansiert ved bruk av næringsfondet i 2017.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Brev datert 19.09.2016 og epost datert 09.01.2017 frå LVK.

Vurdering

Syner til vedlagt brev og informasjon om saka frå LVK i LVK-nytt 16. september 2016:
[http://lvk.no/nyheter/kommunene har anket statnettdommen til hoyesterett](http://lvk.no/nyheter/kommunene%20har%20anket%20statnettdommen%20til%20hoyesterett)

Denne saka reiser prinsipielle spørsmål om berekninga av fradraget for slit og elde på nettanlegg samt domstolane sin adgang til å prøve dei kommunale takstnemndene sitt verdsettelseskjønn. Spørsmålet om berekninga av fradraget for slit og elde vil få betydning for *alle kommunar som utskriv eiedomsskatt på nettanlegg*. Spørsmålet om domstolane sin adgang til å prøve nemndene sitt verdsettelseskjønn vil få betydning for *alle kommuner som utskriv eigendomsskatt, uavhengig av kva slags objekt det er tale om*.

Søksmål mot fleire kommunar er stansa i påvente av rettskraftig avgjerdelse i saka. LVK er, som for tingretten og lagmannsretten, partshjelp til støtte for de tre kommunene Hjelmeland, Hol og Evje og Hornnes.

Dei tre kommunene og LVK oppmodar medlemskommunane til å stå samla og bidra i kronerulling til støtte for dei tre tilfeldig utvalgte kommunane.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Modalen kommune støtter ankesak om eidegdomsskatt på nettanlegg med kr 20.000, finansiert ved bruk av næringsfondet i 2017.

Samla sett bruker Modalen kommune då kr 40.000 av næringsfondet til stønad av saka ved handsaming i Lagmannsetten i 2016 og i Høgsterett i 2017.

Formannskapet - 010/2017**FOR - behandling:**

Samrøystes

FOR - vedtak:

Modalen kommune støtter ankesak om eidegdomsskatt på nettanlegg med kr 20.000, finansiert ved bruk av næringsfondet i 2017.

Vedlegg:

Statnett-sak for Høyesterett – Oppfordring til kronerulling - LVK